

**Lesja kommune**  
Forvaltning og utvikling



---

Landbruks- og matdepartementet

**Vår ref**  
2014/836/3/V14

**Deres ref:**

**Saksbehandler**  
Martin Vorkinn  
61244114

**Dato**  
01.12.2014

## **Ny forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv. - Høringsuttale frå Lesja kommune**

Med hilsen

Martin Vorkinn  
konsulent


---

**Postadresse**  
Lesja kommune  
Postboks 53, 2665 Lesja  
**E-post:** [postmottak@lesja.kommune.no](mailto:postmottak@lesja.kommune.no)

**Besøksadresse**  
  
**Internett**  
[www.lesja.kommune.no](http://www.lesja.kommune.no)

**Telefon**  
61 24 41 00  
**Telefaks**  
61 24 41 04

**Bank**  
2081.19.00142  
**Org.nr**  
964 949 204



**Lesja kommune**  
Forvaltning og utvikling

**Arkivsak:** 2014/836 -2  
**Arkiv:** V14  
**Saksbehandler:**  
Martin Vorkinn  
**Dato:** 16.11.2014

## Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
84/14	Forvaltningsstyre	25.11.2014

### **Ny forskrift om tilskott til avløsning ved sjukdom og fødsel mv. - Høyringsuttale frå Lesja kommune**

#### **Bakgrunn:**

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om tilskott til avløsning ved sjukdom og fødsel mv. Frist for høyringsuttale er 1. desember 2014, og ny forskrift skal tre i kraft 1. januar 2015.

Arbeidet med ny forskrift kjem som følge av Jordbruksoppgjeret 2014, der det går fram at det skal gjennomførast ei omfattande evaluering av ordninga med tilskott til avløsning ved sjukdom mv. saman med evaluering av fleire andre element i jordbruksavtalen. Målet med evalueringa er å gjera regelverket enklare for å oppnå mindre krevjande forvaltning og meir føreseielegheit for søkjarar av tilskottet. Hovudevalueringa skal vera gjennomført innan jordbruksoppgjeret i 2016.

Endringane som er foreslått i forskrifta vil difor ikkje vera av større materiell eller administrativ karakter, men er for ein stor del ein ryddejobb i høve til harmonisering mot andre lover og forskrifter. Gjeldande forskrift er gjeldande både for avløsning ved ferie og fritid og for avløsning ved sjukdom mv. Departementet har foreslått å legge avløsning ved ferie og fritid inn i den nye produksjonstilskottforskrifta, noko som i seg sjølv gjer forskriftsendringar nødvendige.

I Lesja har vi årleg omkring 30 saker, og det er dei siste åra refundert 6-800 000 kr. årleg innanfor sjukdomsavløysingsordninga. Saksbehandling etter forskrifta er delegert til forvaltnings- og utviklingssjef.

#### **Vurdering:**

Lesja kommune vil her kommentere nokre punkt i forslaget til ny forskrift som ein meiner vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i Lesja:

- Forskrift om avløsning ved ferie og fritid og avløsning ved sjukdom mv. bør ikkje skiljast. Det er naturleg at avløsning ved ferie og fritid og sjukdomsavløsning er i same forskrift, som i dag. Begge ordningane er velferdsordningar, og høyrer saman.

- I forslaget til ny forskrift er det lagt opp til at avløysartilskott ikkje lengre kan utbetalast til avløysarlaga. Dette vil gjere at avløysarlaga ikkje lengre kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til avløyising og sjukdomsavløyising. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan gå utover dyrevelferden. Lesja kommune ønskjer ikkje denne endringa i regelverket, då ein med dette set ei godt fungerande ordning for sjukdomsavløyising og dyrevelferd i fare.
- Departementet forslår å gjere om dagens «kan-regel» til ein «skal-regel» når det gjeld avkorting og regelverksbrot. Dette meiner Lesja kommune i mange tilhøve vil vere svært lite hensiktsmessig, og ikkje minst relativt «strengt». Dagens «kan-regel» for avkorting ved feilopplysningar må vidareførast.

### Dokumenter

- 1 I Høring av ny forskrift om tilskot til avløyising ved Landbruks- og matdepartementet sjukdom og fødsel mv.
- 2 S Ny forskrift om tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel mv. - Høyringsuttale frå Lesja kommune

### Vedlegg

- 1 Høring av ny forskrift om tilskot til avløyising ved sjukdo (L)(382335).pdf
- 2 Utkast forskrift sykdomsavløyising mv. (L)(382332).pdf
- 3 Utkast jordbruksavtalen kap. 9 (L)(382331).pdf

### Rådmannens innstilling

Lesja kommune ser nytten av dei fleste endringane som er foreslått i regelverket. Lesja kommune vil likevel framheve fyljande punkt som vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i kommunen:

- Forskrift om avløysartilskott ved sjukdom mv. og ved ferie og fritid bør ikkje skiljast, då dei begge er velferdsordningar som naturleg høyrer saman i same forskrift.
- Dersom avløysartilskott ved sjukdom og fødsel mv. (og ved ferie og fritid) ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til ferie- og fritidsavløyising og til sjukdomsavløyising. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som blir sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden; noko som igjen kan gå ut over dyrevelferden.
- Forslag som ligg inne gjeldande avkorting og regelverksbrot vil i mange tilfelle verke relativt strengt. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Kai Ove Riise

## Saksprotokoll i Forvaltningsstyre - 25.11.2014

### Behandling

Som innstillinga, 7-0.

### Vedtak

Lesja kommune ser nytten av dei fleste endringane som er foreslått i regelverket. Lesja kommune vil likevel framheve fyljande punkt som vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i kommunen:

- Forskrift om avløysartilskott ved sjukdom mv. og ved ferie og fritid bør ikkje skiljast, då dei begge er velferdsordningar som naturleg høyrer saman i same forskrift.
- Dersom avløysartilskott ved sjukdom og fødsel mv. (og ved ferie og fritid) ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til ferie- og fritidsavløysing og til sjukdomsavløysing. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som blir sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden; noko som igjen kan gå ut over dyrevelferden.
- Forslag som ligg inne gjeldande avkorting og regelverksbrot vil i mange tilfelle verke relativt strengt. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.